

**Fra:** Trude Brosvik (Trude.Brosvik@vlfk.no)

**Sendt:** 26.10.2020 21:07:05

**Til:** Politisk

**Kopi:**

**Emne:** Spørsmål til fylkesutvalet 29.10.20 - Oppfølging av einerettar til drosjar

**Vedlegg:**

Spørsmål frå Ap, Sp, KrF, MdG, V og SV:

I FU-sak 104/20 delegerte Fylkesutvalet til administrasjonen å arbeide vidare med einerettar for drosjenæringa. Argumentasjonen i saksframlegget var at dersom ein skulle innføre det, så var det ein langvarig prosess, og det var viktig å kunne gjere raske avklaringar i kvart enkelt tilfelle. Sitat: "Frå det oppstår eit behov for einerett, til ein får innført forskrifta vil det etter dagens system kunne ta inntil eitt år. Denne tidkrevjande prosessen kan føre til at ein i enkelte kommunar vil stå utan eit tilfredsstillande transporttilbod i lengre tid, og kan gjere det komplisert å knyte eineretten til andre offentlege kontraktar som skuleskyss og pasienttransport. Det vert difor føreslått at denne mynda til å innføre forskrift om einerett vert delegert til fylkesrådmannen."

Den politiske debatten, både i SAMO og i FU, understreka kor viktig det var for kommunane å ha eit drosjetibod. Og at det også var viktig for dei tilleggstenestene fylket har gjennom sørvissskyss, TT-ordninga, deler av skuleskyssen og andre fleksible transporttilbod. I etterkant har også Fylkestinget gitt ei fråsegn om dosjetilbodet i distrikta og oppmoda regjeringa til å legge helsekjøring inn i einerett-modellen.

Saka er på ny aktualisert ved at tidspunkt for innføring nærmar seg, og at ein ser at andre fylke kanskje kan ha ei meir omfattande tilnærming i saka.

Vi ber derfor om ei orientering om korleis det vert arbeidd med saka, kva kommunar ein har vore i kontakt med og korleis strategien er for å halde på eit godt drosjetilbod også i distriktskommunane når nytt regelverk er på plass.